

Bjölleljom
af I I Kaardal
Garbrukar

I

Stevtonen

1) Fraa tid til onnor i mine daga
eg denne bjølla hev stelt aa laga
Um ditt og datt paa min ferdaveg
alt etter som det hev svive meg

2) Da er no vesalt eg hev aa bjoda
Aa er so lite utav da goda
Da er med meg so med deg det er
Ein hev kje' meir enn av Gud ein fær

3) Aa um den spurnad du skulde gjera
Kva gjere folk so fortene æra
Den kui den kan ein ikkje li'
So mjølker mykje, men stig uppi

4) De' folket sjølv i dei store tal
So hev gjort jordi til jamringsdal
De' folket sjølve so skjemt hev ut
Den var kje' soleisna stelt av Gud

5) Den vene heimen det fagre Eden
vigsla i djupe himmelfreden
Sjaa dar altsaman vart sulka ut
For Eva vilde kje' lyda Gud

6) Og folkje har i kvar kraa og hyrna
For Gud sin vilje forliten vyrdnad
Det so ein byggjer aa vel vert gjort
Med eld aa kulor skal øydast burt

7) Den so hev lite, han slit aa kava
Den so hev mykje vil meira hava
I vonde hugmaal i drykk aa svir
Vort folk no leve seg snur aa vrir

8) Ein kunne meina det ville besna
men røynsla vise, at det vil versna
Sjaa elsk til Gud aa til syster bror
Den hamast burt baa' i gjerd og ord

9) Når no ein ser at det gjeng so illa
at blode renner og tårer trilla
So gruleg frette om brann og brøl
Ei maatte finna seg atte sjølv

10) Gud gjev at bjøller, aa altslags lurar
maa ljoma høgt millom fjell aa urar
at kvart eit hjarte maa søkja Gud
Aa leva etter hans ord og bud

11) Aa du mi bjølla kvar du kan kom
Slaa til med kvelven so høgt det ljoma
Sjaa til du hævdar dit sanning ljo
Aa faa attende eit sandt ekko

12) Eg ynskjer og at du maatte leva
Aa aller misljo i fraa deg gjeva
Det vert vel so, du vert ymist likt
Men kvar er den so vert fri for slikt